

Fra: Hanne Seljesæter (Hanne.Seljesaeter@hfk.no)
Sendt: 11.05.2015 15:39:32
Til: Gustav Bahus
Kopi:

Emne: Hardangerbrua AS - generalforsamling
Vedlegg: Hardangerbrua AS - fullmakt.pdf

Hei!

Viser til e-post med innkalling og saksdokument, samt e-post til Einar Lutro som er sendt deg i kopi, sjå nedanfor.

Einar Lutro reiste i sin e-post spørsmål om endringar i vedtektene for selskapet og viste til sak i Fylkesutvalet kor det var snakk om å redusere talet styremedlemmer i selskapet. Arbeidsutvalet kunne ikkje sjå at det er behov for å setja i gang endringar no, under føresetnad av at eit regionalt bompengeselskap vert etablert innan rimelig tid. Vi har derfor meldt tilbake til Lutro at dette eventuelt må bli ei sak på neste generalforsamling.

Om du har spørsmål knytt til dette, eller andre spørsmål knytt til selskapet, kan Thorbjørn Aarethun, Samferdselsavdelinga, kontaktas.

Venleg helsing

Hanne Seljesæter
Seniorrådgivar
Organisasjonsavdelinga
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Tlf: 55 23 92 31 / 99 23 11 38
www.hordaland.no

Fra: Hanne Seljesæter
Sendt: 11. mai 2015 15:30
Til: Einar Lutro
Kopi: Gustav Bahus; Thorbjørn Aarethun
Emne: Generalforsamling - fullmakt

Viser til e-post 28.04.15 med innkalling til generalforsamling.

Vedlagt følger fullmakt for Gustav Bahus. Fullmakt i original vert sendt dykk i posten.

Når det gjeld det de tek opp i e-posten knytt til endringar i vedtektene, (jf sak i Fylkesutvalet om «Eigarskapsforvaltning – styrerepresentasjon og kompetanse») kan vi ikkje sjå at det skulle vere naudsynt å gjere endringar i vedtektene på noverande tidspunkt. Dette er ei sak ein eventuelt må kome tilbake til på neste generalforsamling.

Venleg helsing

Hanne Seljesæter

Seniorrådgivar

Organisasjonsavdelinga

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 92 31 / 99 23 11 38

www.hordaland.no